

Årsmelding 2023

4H Norge

4^{*}





Varmt og stolt 4H-hjarte!

Eit spesielt møte minna meg på kvifor eg er stolt av å vere 4H-ar.

Men aller fyrst, vil eg snakke om det å verte STØRRE. I 2022 klarte vi medlemsvekst for fyrste gong på mange år. Det klarte vi ikkje i 2023, berre nesten. Eg veit mange er skuffa over at vi ikkje klarte det heilt. Men, ikkje ver skuffa. Vi ga det ein real sjanse, og eg veit at i 4H gjer vi ikkje opp. Saman skal vi klare det i 2024!

Eg er veldig stolt over alt vi får til. I februar besøkte eg 4H Møte og Romsdal, og var så heldig å få vere med på «Superhelg». Ei helg fylt med alt frå styrevervskurs til plakettfest og klubbrådgivaropplæring. For ein imponerende innsats av dei frivillige som organiserte, og for ein energi deltakarane hadde med seg. Eg smiler framleis når eg tenker tilbake på det. Og eg blir rørt og stolt!

I april arrangerte vi vår fyrste «Insporama». Ei inspirasjonshelg for vaksne frivillige i 4H. Samlinga bestod av kurs, foredrag, landsstyremøte, leiker, god mat og fine folk. Det ble ein suksess, og vi gler oss allereie til Insporama i 2024!

Sommar betyr leir. Som styreleiar er det ekstra gøy å reise rundt i Noreg for å oppleve stemninga som oppstår blant telt, blaute soveposar og volleyball. På fylkesleiren i Hedmark kunne medlemmane mellom anna delta på kurs for å lage sin eigen radio. Og vipps så hadde kvart einaste telt moglegheit til å høyre på leiren sin egen leirradio, som kva dag spilte hits frå morgon til kveld.

I Lom samla nærmare 600 ungdommar seg til Nordisk 4H-leir. Eg kjem aldri til å gløyme avreisedagen. Medan eg går over tunet og ser telt blir pakka ned, kjem ein gråtande ungdom imot meg. Eg spør om det går bra. Eg får ein varm og tårevåt klem tilbake. Guten sa ein setning som eg har lagra i 4H-hjartet mitt: «–Tusen takk for at dykk lager leir. Eg har fått mine første venner». Slikt gjer inntrykk, og eg sender denne takka vidare til 4H Oppland som lagde ein fantastisk leir.

4H er staden kor barn og unge møter venner dei enda ikkje kjenner. Eg er stolt av å være ein del av ein organisasjon som er så inkluderande.

Eg trur aldri hjartet mitt har vore varmare og meir stolt av 4H, enn det er akkurat no.

Vennleg helsing

Martin Holmen

Styreleiar 4H Norge



Foto: Stina Haugen, NRK



▲ 4H-arar på leircamp på Nordisk leir i Lom. (Lom stavkyrkje i bakgrunnen).

INNHALD

Leiar.....	3
Innhald.....	5
Om oss	6
Representasjon	8
Strategi for 4H Norge 2018-2024	10
<i>Større</i>	10
<i>Smartare</i>	14
<i>Synlegare</i>	18
Organisasjon og aktivitetar	22
<i>Mat og naturbruk</i>	22
<i>Organisasjon</i>	25
<i>Norske 4H-alumner</i>	26
<i>Nordisk leir i Lom</i>	28
<i>Friluftsliv</i>	30
Internasjonalt.....	32
<i>International 4H Youth Exchange (IFYE)</i>	32
<i>Rural Youth Europe (RYE)</i>	32
<i>USA-utveksling</i>	32
<i>Vertsfamiliar</i>	32
<i>Norske IFYE-alumner (NIFYEA)</i>	32
<i>4H Global Summit</i>	35
<i>Gambia</i>	35
<i>Nordisk samarbeid</i>	35
Nasjonale prosjekt.....	37
Administrasjon	38

Om oss

4H Norge er ein aktiv organisasjon med 10 502 medlemmar som er fordelt på 463 4H-klubbar over heile landet. Medlemsalderen er 10–26 år. I 4H får medlemmane høve til å utvikle seg sjølv, og vere del av eit sosialt fellesskap. 4H Norge er del av eit globalt nettverk av 4H-organisasjonar.

FORMÅL

4H skal utvikle ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med ansvarskjensle og respekt for natur og menneske.

KJERNEVERDIAR

- Klart hovud
- Varmt hjarte
- Flinke hender
- God helse



4H-LØFTET

Vi lover å arbeide mot det mål å bli ein ungdom med klart hovud, varmt hjarte, flinke hender og god helse.

MOTTO

Å lære ved å gjere.

VISJON

4H jobbar for eit samfunn der alle barn og unge opplever meistring og tilhøyrse.

PLAKETTLØPET:

I 4H jobbar medlemmane med eit sjølvvalt prosjekt kvart år. Dei gjer dette åleine eller saman med andre i klubben. Dei vel sjølv tema for prosjektet, innanfor programområda helse, kultur, samfunn, natur, dyr og gardsliv, teknologi og mekking, entreprenørskap eller organisasjonsarbeid. Målet med prosjekta er å lære ved å gjere. For å få godkjent 4H-året

og prosjektet, må 4H-eren delta på minst 50 % av aktivitetane i klubben. Medlemmane oppnår plaketten når dei har gjennomført og fått godkjent sju prosjektår. Plakettløpet blir avslutta med ein høgtideleg fest i fylket med utdeling av plaketten og 4H-vitnemål. Frå 2024 vert plakettløpet endra, les meir om dette lengre ned.



▲ 4H-arar opplevde meistring og nådde nye høyder i klatreveggen.



Foto: Sarah Hvidsten Kristiansen

▲ Minigolf var ein av mange aktivitetar på nordisk leir i Lom.

Representasjon

Æresmedlemmar

Martin Stavrum, Kristen Bartnes, Lars Aamodt, Leiv Sølvsberg, Eivind Mjærum, Jorit Bratteng Aanes, Kari Heggelund, Ola Cato Lie og Kristian Haave.

Tildelte æresdiplom

Desse fekk tildelt æresdiplom i 2023:

Sarke Veum (4H Telemark), Ingebjørg Drivarbekk-Åmot (4H Telemark), Elin Klette (4H Hordaland), Jonny Fostervold (4H Møre og Romsdal) og June Fostervold (4H Møre og Romsdal) Ann-Elisbeth Skjerve (4H Sogn og Fjordane), Hanne Haugen (4H Sogn og Fjordane), Heidrun Hauglum (4H Sogn og Fjordane), Hilde Mari Isane Hjelle (4H Sogn og Fjordane), Merete Støfring (4H Sogn og Fjordane), Stine Marie Sunde (4H Sogn og Fjordane), Tone Elisabeth Leirdal (4H Sogn og Fjordane), Helene Stråtveit (4H Hordaland).

Sentralstyret 2023

Leiar: Martin Holmen (4H Hedmark)

Nestleiar: Andreas Ølvestveit (4H Hordaland)

Styremedlem: Jens Håkon Birkeland (4H Hordaland)

Styremedlem: Andrine Fossum (4H Østfold)

Styremedlem: Sara Eline Malmo Farbo (4H Trøndelag)

Styremedlem: Elliott Solberg (4H Akershus og Oslo)

1.varamedlem: Raymond Kirknes (4H Agder)

2.varamedlem: Astrid Skogseth (4H Trøndelag)

3.varamedlem: Even Medhus (4H Buskerud)

Representant frå Norske 4H-alumner:

Iris Merete Natten Frydenlund

Representant frå 4H-gård Norge: Heidi Tønnesen

Tilsettere representant: Turi Elise Kaus

Tilsettere representant, vara: Irene Pande

Styret blei valt på landsmøtet sommaren 2022.

Landsstyret

Landsstyret er sett saman av sentralstyret, fylkesstyreleiarane, representantar frå 4H-gård Norge og Norske 4H-alumner. 4H Norge sin styreleiar er også landsstyret sin leiar. Landsstyret hadde to møte.

Landsmøtet

Landsmøtet er 4H Norge sitt høgaste organ og finn stad annakvart år. Det var ikkje landsmøte i 2023.

Medlemsorganisasjonar i 4H

Norges Vel | Det norske Skogselskap | Norges Bondelag | Norges Skogeierforbund | Norges Bygdekvinnelag | Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Norges Jeger- og Fiskerforbund.

Samarbeidsorganisasjonar

Organisasjonar 4H er medlem i, samarbeider med og/ eller fekk tilskot frå;

Norsk Landbrukssamvirke:

Felleskjøpet Agri, Felleskjøpet Rogaland og Agder, Gartnerhallen, Geno, Gjensidige, Hoff, Honningcentralen, Inn på tunet Norge SA, Landkreditt, Norges birøkterlag, Norges Pelsdyrslag, Norges Skogeierforbund, Norske Landbrukstenester, Norsk Landbruksrådgiving, Norsk Sau og Geit, Norsvin, Nortura, TINE og Tyr.

Andre organisasjonar:

4H Global Network | 4H the Gambia | Av-og-til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet | Det Norske Hageselskap | European Federation of City Farms | FN Sambandet | Fordelingsutvalet | Frivillighet Norge | Kulturalliansen Kulturdepartementet | Landbruks- og matdepartementet | Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar | Miljødirektoratet | Norges Bygdeungdomslag | Norges Vel | Norsk friluftsliv | Rural Youth Europe | Speider-Sport | Statsforvaltarens landbruksavdelingar og fylkes-kommunane | Studieforbundet Natur og miljø | WildX. I tillegg kjem lokale samarbeid og tilskotsgevarar.

Styret i Norske 4H-alumner (N4HA)

Leiar: Iris Merete Natten Frydenlund

Nestleiar: Anita Lunde

Sekretær: Caroline Berlin

Kasserar: Thomas Vinnes

PR-ansvarleg: Kristin Eineteig

Styremedlem: Gina Langodden

Styremedlem: Åse Røysland

1.vara: Elea Lydia Andreassen Nordli

Styret blei valt på N4HA sitt årsmøte sommaren 2023.



Foto: Line Hjørungnes Jacobsen

Styret i Norske 4H-alumner (N4HA) 2023–24.

Styret i 4H-gård Norge

Leiar: Heidi Tønnesen (Kampen Økologiske Barnebondegård)

Nestleiar: Sigurd Årskaug (Flatheim 4H-gård)

Styremedlem: Olaug Olsen (Givær 4H-gård)

Styremedlem: Eirin Ingeborg Bjune (Medtigården 4H-gård)

Styremedlem (oppnemnt av sentralstyret): Andreas Ølvestveit

1.vara: Gerd Helgeland (Nordgardsetra 4H-seter)

2.vara: Leif-Helge Molvik (Molvik 4H-gård)

Styret blei valt på 4H-gård Norge sitt årsmøte 10. februar.



*4H skal bli større med fleire medlemmar
og større deltaking på arrangement i heile landet.*

Strategi for 4H Norge 2018–2024

Større

4H for alle – inkludering

4H er ein fristad for barn og unge. Arbeidsgruppa for inkludering utarbeida i 2023 ein rapport, og deretter ein handlingsplan for inkludering. Målet er at 4H skal bli meir inkluderande og hindre utanforskap. Handlingsplanen blei vedtatt av sentralstyret i oktober. Handlingsplanen er eit resultat av 4H Nordland sitt pilotarbeid Grøn inkludering som resulterte i mellom anna eit landsmøtevedtak i 2022 om meir mangfald og inkludering i 4H.

Gjere 4H meir attraktivt for medlemmar

I 2022 gjennomførte 4H Norge eit innsiktsarbeid med interne og eksterne spørjeundersøkingar. Basert på innsikta arbeidde vi i 2023 med fire utvalde område:

Identitet: tydeleggjere kva 4H er og kva slags profil organisasjonen skal ha, som er forståeleg for unge.

Målgrupper: tydeleggjere kven 4H er til for.

Innhald: vurdere og vidareutvikle aktivitetar og medlemsinnhald i samsvar med 4H sitt formål og bakgrunn tilpassa den «nye» identiteten.

Kjennskap og kunnskap: auke kjennskap og kunnskap om 4H før målretta rekrutteringsarbeid kan starte.

Dette arbeidet har leia fram til ein revidert kommunikasjonsstrategi, førebuing av kjennskapskampanje på sosiale media og oppstart av ei arbeidsgruppe som skal utreie nye medlemskategoriar.

Utvikle aktivitetskonsept som gjer 4H-arane stolt

Ei arbeidsgruppe, satt saman av tre frivillige og tre tilsette, har utarbeidd eit nytt aktivitetsbasert 4H-løp. Det nye 4H-løpet er eit fleksibelt løp kor medlemmane kan samle poeng gjennom ulike aktivitetar, som til dømes; gjennomføre oppdrag, ta på seg verv, ha aktive rollar, delta på kurs, leir eller andre arrangement. Eit nytt merkesystem med årsmerke for aktiv deltaking er innført. Medlemmane får eit merke for kvart fullførte 4H-år. 4H-løpet er fleksibelt og blir individuelt tilpassa. Målet for 4H-løpet er at medlemmane skal oppnå den prestisjetunge 4H-plaketten, men viktigast er at 4H-arane meistrar, lærer og kjenner tilhøyrse til 4H-fellesskapet. For å få plaketten må eit medlem har samla minst 1000 poeng, vere 18 år eller eldre og ha fått minst fire årsmerker.



Ungdommane som var med på Spektakulær tur fekk mellom anna være med på båttur. Dei fiska sei så store som 4 kg.

MEDLEMSTAL 2023

FYLKESNAMN	ALUMN	ARRANGEMENT	HOVUDMEDLEM	KLOVERMEDLEM	STØTTEMEDLEM	SØSKENMEDLEM	TOT. MEDLEMSTAL	KLUBBRÅDGIVARAR	TOT. INKL. KLUBBRÅDGIVARAR	MEDLEMMAR UNDER 26 ÅR
4H Østfold	56		478	69	8	111	722	78	800	686
4H Akershus og Oslo	37	8	244	68	7	81	445	58	503	419
4H Hedmark	29	1	370	31	9	138	578	93	671	564
4H Oppland	34	2	247	57	22	75	437	60	497	399
4H Buskerud	60	12	489	57	9	151	778	89	867	743
4H Vestfold	67	4	258	43	6	64	442	72	514	405
4H Telemark	16	2	98	29	7	38	190	38	228	175
4H Agder	28	1	314	72	16	103	534	78	612	504
4H Rogaland	45	2	918	48	21	322	1 356	171	1 527	1 318
4H Hordaland	64	3	593	65	3	198	926	117	1 043	900
4H Sogn og Fjordane	76	1	734	48	8	297	1 164	195	1 359	1 127
4H Møre og Romsdal	74	1	368	109	12	128	692	124	816	645
4H Trøndelag	106	17	921	151	9	251	1 455	231	1 686	1 401
4H Nordland	34	101	102	79	10	15	341	33	374	307
4H Troms	12	5	57	30	5	19	128	22	150	116
4H Finnmark	19	18	84	119	27	19	286	35	321	240
4H IFYE	28						28		28	2
Sum 2023	785	178	6 275	1 075	179	2 010	10 502	1 494	11 996	9 951
2022	777	186	6 398	1 005	178	2 154	10 698	1 456	12 154	10 168
2021	797	146	6 435	783	185	2 044	10 390	1 512	11 902	9 863
2020	897	88	6 619	618	170	2 691	11 083	1 601	12 684	10 554
2019	827	98	7 121	579	234	2 843	11 702	1 613	13 315	11 135
2018	942	130	7 629	594	249	2 985	12 529	1 637	14 166	11 925
2017	905	98	8 043	584	201	3 156	12 987	1 636	14 623	12 432
2016	898	79	8 301	518	194	3 206	13 196	1 753	14 949	12 664
2015	907	92	8 769	549	100	3 284	13 701	1 754	15 455	13 270
2014	946	78	9 050	528	10	3 365	13 977	1 589	15 566	13 738
Endringer 2022-2023	8	-8	-123	70	1	-144	-196	38	-158	-217

Medlemsvekst

For første gong på 13 år, kunne vi endeleg feire medlemsvekst i 2022. Dessverre gjekk medlemstalet noko ned igjen i 2023. Dei siste fem åra har det i snitt vore ein nedgang på 15 prosent kvart år. Sjølv om det var ein nedgang i 2023, var nedgangen på under to prosent, som er betydeleg mindre enn dei fem tidlegare åra. Dette er truleg eit resultat av eit auka fokus på medlemsvekst.

Verving

Det vart gjennomført eit målretta og strategisk arbeid for at fleire barn og unge skal få ei sosial, aktiv, lærerik og morosam fritid i 4H. Det vart lagt til rette for verving i klubbar og fylkeslag, mellom anna gjennom å utvikle og gjere tilgjengeleg verve- og informasjonsmateriell. For å byggje sterkare vervekultur vart det delt vervetips og vervetal.

Verveperiodar

I samband med utsending av kontingentfaktura, vart det jobba med attverving av fjoråret sine medlemmar i februar og mars. I mai og juni vart klubbane oppmoda til å vise seg fram i lokalmedia og lokalsamfunnet. I august og september verva klubbane ved skulestart, og fylkeslaga vart oppmoda til å starte nye klubbar. I november og desember vart året si største verve-kampanje gjennomført. Klubbane blei oppmoda til å invitere barn og unge med på eit ope arrangement for å vise fram kva 4H er. I tillegg var det velkomstgåver til alle nye medlemmar og vervepremiar til alle som verva nye medlemmar.

Aktivitetar

Vi har i god tradisjon gjennomført ei stor mengde arrangement. Nasjonalt har vi arrangert nordisk leir i Lom, kurshelga Insporama for lokale frivillige, fylkestyra og sentralstyret med kring 100 deltakarar samt instruktørkurs for nye instruktørar innan styrevern og friluftsliv.

Fylka har hatt storkurs, regionale samlingar, styrevervs- og friluftslivkurs, klubbbrådgjevarsamlingar med meir. 4H-klubbane har hatt mange flotte arrangement som haustfestar, plakettfestar, nattcupar for volleyball og mykje meir.



Foto: Sarah Hvidsten Kristiansen

▲ Alumnar på volleyballturnering under nordisk leir i Lom.

TOTALT ANTAL MEDLEMMAR 2023

10 502



4H skal jobbe smartare digitalt og utvikle rutinar og malar som gjer det enklare å vere medlem, tillitsvald og tilsett i 4H.

Smartare

Gjere det lettare å drive 4H

Ei oppgradering av «Min side» og «Min klubb» har ført til sikrere og meir funksjonalitet i drift av klubben og fylkeslaget.

I løpet av året vart det utarbeidd ein kanalstrategi for interne digitale kommunikasjonskanalar, strategien er førande for tillitsvalde og frivillige (nasjonalt og fylka), samt alle tilsette. Det var laga ein forenkla versjon for tillitsvalde i fylka.

4H Norge innførte ein «Ansattveiledning» slik at tilsette i fylka har felles malar og rutinar.

Arbeide meir aktivt med berekraft i 4H

Ei sjekklister for berekraftige 4H-arrangement vart utarbeidd. Lista verkar på alle nivå i organisasjonen, og blir tilpassa etter størrelse på arrangementa. Lista er på åtte punkt og omhandlar alt frå transport, mat, avfall til å rekruttere ein eigen berekraftsansvarleg. Lista er utvikla med inspirasjon frå tilsvarande liste hjå Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU).

Leiande teknologiposisjon

Prosjekt samhandling

Samhandling handlar om å bruke digitale verktøy for å få menneske til å jobbe meir effektivt saman. 4H har verktøy som legg til rette for god samhandling i og på tvers av organisasjonen. Målet med prosjektet er å sikre at 4H brukar desse verktøya på ein måte som gir positiv effekt på arbeidet vårt, både for tilsette og frivillige, mot målet om å bli større, synlegare og smartare. Målet for prosjektet var å sikre god samhandling

og ei trygg løysing for dokumenthandsaming/-lagring, utvikle ein tilsettportal og sikre god forankring, brukaropplæring og brukaradopsjon. Prosjektet blei avslutta i 2023, og går no over i vanleg drift.

Teknisk utvikling

For å kunne arbeide med det nye 4H-løpet vart prosjektplattforma og medlemsregisteret/Min side oppgradert med ny funksjonalitet og større integrasjon. Prosjektplattforma er ein digital plattform der medlemmane planlegg og følgjer opp sine 4H-prosjekt. Medlemsregisteret er verktøyet for medlemsadministrasjon, registrering av verv og påmelding til store arrangement. Informasjon frå medlemsregisteret er tilgjengeleg gjennom Min side på 4h.no.

Utviding av oppdragsbanken

Oppdragsbanken fikk 32 nye oppdrag i 2023 og inneheld 318 oppdrag ved utgangen av året. Dette inkluderte eit spesielt, tidsavgrensa oppdrag om å strikke landsleirgensereren til landsleir 2024.

I 2023 gjorde vi ei oppgradering av «Min side» og «Min klubb».





Foto: Sarah Hvidsten Kristiansen

▲ Kos og foring av sauer på Hauger 4H-gard i Asker kommune.

TAL PÅ PROSJEKT PER FAGOMRÅDE 2023	
FAGOMRÅDE	TAL
Aspirant	272
Dig – 4H-arbeid	510
Dig – Dyr og gårdsliv	783
Dig – Entreprenørskap	153
Dig – Helse	1 148
Dig – Kultur	798
Dig – Natur	1 679
Dig – Samfunn	368
Dig – Teknologi og mekking	424
Friluftsliv	37
Kosthald og mat	39
Kultur	29
Landbruk	40
Samfunn	36
Fritt val	426
Det samla talet prosjekt	6 742

* Dei prosjekta som startar med Dig
– er gjennomført digitalt via prosjektplattformen.

TOPP 15 MEST POPULÆRE PROSJEKT 2023	
FAGOMRÅDE	TAL
Dig – Natur	1 679
Dig – Helse	1 148
Dig – Kultur	798
Dig – Dyr og gårdsliv	783
Dig - 4H-arbeid	510
Fritt val	426
Dig – Teknologi og mekking	424
Dig – Samfunn	368
Aspirant	272
Dig – Entreprenørskap	153
Landbruk	40
Kosthald og mat	39
Friluftsliv	37
Samfunn	36
Kultur	29

* Dei prosjekta som startar med Dig
– er gjennomført digitalt via prosjektplattformen.



Foto: Sarah Hvidsten Kristiansen

▲ Kurs i koding og programmering på storkurs i 4H Vestfold og 4H Buskerud. Gutane programmerte lyd til høytalarar.

DIVERSE ARRANGEMENT I KLUBBANE	AKTIVITETAR	DELTAKARAR
Friluftslivsaktivitetar	1 692	20 682
Landbruksaktivitetar	249	3 297
4H-gard eller gardsbesøk	318	3 937
Kyst- og sjøaktivitetar	240	3 280
Matlagingsaktivitetar	976	11 162
Under Open himmel	183	2 557
Andre aktivitetar	1 944	27 823
Tal aktivitetar i klubbar	5 602	72 738

MØTER I 4H-KLUBBANE		
TAL STYREMØTE	TAL KLUBBMØTE	TAL GRUPPEMØTE
2 075	4 012	698

STYREVERV I 4H-KLUBBANE

VERV	JENTE/KVINNE	GUT/MANN
Leiar	64,40%	35,60%
Nestleiar	54,30%	45,70%
Kasserar	56,46%	43,54%
Sekretær	76,07%	23,93%
Styremedlem	51,34%	48,66%
Varamedlem	49,10%	50,90%
Prosentvis fordeling kjønn	58,5 %	41,5 %



ANTAL LEIRAR

LEIRAR

	TAL	DELTAKARAR
Aspirantleir	9	464
Fylkesleir	12	1 785
Nordisk	1	574
Sum	22	2 823

KURS MED STØTTE FRÅ STUDIEFORBUNDET NATUR OG MILJØ

MEDLEMSORGANISASJON	GJ.FØRTE KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
4H Norge	232	2 792	3 214	kr 279 150

AMATØRTEATER OG UNDERHALDNING

SPELETID	TAL PRODUKSJONAR	TAL FREMFØRINGAR	TAL SKODESPELARAR	TAL PUBLIKUM, CA
Under 20 minuttar	271	345	1 471	8 698
Mellom 20–60 minuttar	123	291	1 713	9 334
Over 60 minuttar	43	67	515	2 382
Summar	437	703	3 699	20 414



4H skal vere synlegare i mediebildet.

Synlegare

For å bli meir synleg gjennomførte 4H Norge fleire tiltak. Eit av måla er å vere meir synleg i mediebildet. Visuell framstilling og historieforteljing er viktig. Arbeidet med å lage meir innhald i form av videoar og gode bildar på sosiale media har halde fram.

Sosiale media

Gjennom bildeinnlegg, videosnuttar, Stories, samt «Take Overs» (Instagram og Snapchat) har vi synleggjort 4H-aktivitetar, turar, arrangement og happenings i sosiale media. Det har vore eit spesielt fokus på å vise konkrete eksempel på dei ulike aktivitetane medlemmane kan utforske og prøve i 4H. I tillegg har det vore fokus på å vise vennskap og samhald. Visuelt har vi vist dette ved å vere tett på barn og unge som er i aktivitet, ofte fleire saman. Barna og ungdommane viser glede over aktiviteten dei driv med og ved å vere saman med andre.

I 2023 var det ein stor auke i resultatata for sosiale media samanlikna med året før. Grunnen til auken er hovudsakleg meir betalt annonsering av innhald på desse kanalane.

Nettside

I 2023 var talet på brukarar av 4H Norge si nettside 176 615. Dette er ei gledeleg auke på 11,3 %. Det er også ei auke – 8,6% - i talet på nye brukarar. Dette gir grunn til å tru at nettsidene blir sett på som ein nyttig kanal for informasjon og at fleire brukar prosjektplattforma. Det har vore ein nedgang i talet på sider besøkt pr økt, som kan tyde på at brukarane raskare finn det dei leter etter. Gjennomsnittleg lengd på øktene har auka, som kan tyde på at fleire aktivt brukar prosjektplattforma og finn nyttig informasjon på nettsidene.

INSTAGRAM	2022	2023	ENDRING I TAL	ENDRING I %
Følgjarar	3 392	3 844	452	13,32%
Rekkjevidde	12 235	80 709	68 474	559,65%
Innhalds reaksjonar/engasjement	Data utilgjengeleg	9 300		
Profilbesøk	5 466	9 629	4 163	76,16%

SNAPCHAT	2022	2023	ENDRING I TAL	ENDRING I %
Følgjarar	734	789	55	7,49%

FACEBOOK	2022	2023	ENDRING I TAL	ENDRING I %
Følgjarar	8 540	8 779	239	2,79%
Rekkjevidde	73 538	148 671	75 133	102,16%
Innhalds reaksjonar/engasjement	7 400	10 900	3 500	47,29%
Profilbesøk:	4 363	17 252	12 889	295,41%

Medlemsblad

AKTIVITET er 4H sitt medlemsblad. Det blei utgitt to utgåver i 2023 med eit opplag på 10 000 eks. pr. utgåve. Talet på utgåver er det same som året før, men det var ein reduksjon i opplag på 1 000 eks/utgåve. Tema for fyrste utgåve var leiarutvikling, medan landbruk var den raude tråden i andre utgåve.



Foto: Sarah Hvidsten Kristiansen

▲ 4H-arane fekk utfordra seg sjølve i klatreløypa i Lom under nordisk 4H-leir.

4h.no	2022	2023	ENDRING I %
Tal på brukarar	158 623	176 615	11,3%
Gjennomsnittleg sider pr økt	4,38	4,22	-3,6%
Gjennomsnittleg varigheit pr økt	3 min 34 sek	4 min 1 sek	12,6%

Kjelde: Google Analytics

Aktivitetshefte

For fjerde år på rad vart det laga eit aktivitetshefte, spesielt for våre yngste medlemmar (4–9 år); kløvermedlemmane. Heftet skal inspirere til og legge til rette for lek og læring i og med naturen, i tillegg til å skape kjennskap til eit emne, gjennom å skape nysgjerrigheit. Dette var fjerde av fem planlagde hefter. Temaet var vatn. Tidlegare har det vore gitt ut hefter om skogen, dyra og garden, medan planter er det gjenværande temaet.



Aktivitetshettet for kløvermedlemmar (4–9 år).



4H PÅ
NRK SUPER

4H på NRK: «Eg går på: 4H»

4H fekk flott synleggjering i programmet «Eg går på» på NRK Super. Der fekk vi vere med 4H-aren Trygve Seim Rendedal (8 år) og klubben hans på overnattingstur. Trygve tykkjer 4H er ein kjekk fritidsaktivitet, og er med i Fjordljøs 4H-klubb i Sogndal kommune.

– Det var kjempekjekt å bli filma, kult med store kamera, å vise fram 4H og bli intervjuet, sa Trygve. Men han tykkja det var veldig rart å sjå det etterpå. Han byrja på 4H fordi alle i bygda gjekk der, og fordi det høyrdest kjekt ut med overnatting og aktivitetar.

«Eg går på» er ein TV-serie som handlar om alle morosame fritidsaktivitetar barn i Noreg kan vere med på.

ØKNING I BRUK AV NETTSIDENE

11,3%

FØLGERE PÅ FACEBOOK

8 779



Foto: Oddmund Reisæter Haugen, NRK

Informasjon til klubbane

Klubbservice er eit elektronisk informasjonsskriv som blir sendt til alle 4H-klubbar. Sjølve skrivet inneheld relevant informasjon, som gjer det enklare for klubbane å skape lokal aktivitet. Klubbservice inneheld felles informasjon frå 4H Norge, samt aktuell informasjon frå klubben sitt 4H-fylke. Det vart sendt 11 utgåver av Klubbservice i 2023.

Presseoppslag

Totalt var det 1030 treff/presseklipp i 2023 på 4H Norge sin profil på medieovervakingstenesta Infome-dia. Dette er ein svak nedgang på 3,2% samanlikna med 2022. 917 av treffa var frå lokale media, som tilsvare ei auke på 1,3%. 46 treff/oppslag var regionale/nasjonale media. 88 av oppslaga omhandla haustfestar, 34 omhandla fylkesleirar (auke på 20,5%) og 22 omhandla plakettfestar (auke på 36,3%).

Profileringsartiklar

Det vart utvikla følgjande nye artiklar i 4H-butikken: klistremerkeark, matboks, hettegenser med fylkes-namn, termoflaske, vindtett jakke, hals, tatovering, tursekk og caps. Artiklane vart vald ut på bakgrunn av ynskje og innspel frå fylkeslaga. Profileringsgjengen vart nytta i eitt høve. Norske 4H alumner har også fått høve til å utvikla eigne alumnartiklar (flaske, caps og T-skjorte).

PRESSEOPPSLAG (FAKSIMILER)



02.11.23 Bladet Vesterålen



23.12.23 Bondevennen



02.12.23 Tvedestrandposten

Organisasjon og aktiviteter

Mat og naturbruk

Aktiviteten innan mat og naturbruk (landbruk) held seg stabil. Det vart gjennomført 1 543 aktivitetar med til saman 18 396 deltakarar, med tema naturbruk, skog, dyr og mat. Innanfor sjø- og kystkultur vart det gjennomført 240 aktivitetar med 3 280 deltakarar. I 4H-klubbane har totalt 3 937 barn og unge vore på gardsbesøk.

Synleggjering og rekruttering til naturbruksnæringane

4H Norge har eit godt samarbeid med utdanningsinstitusjonar innanfor landbruk og skogbruk over heile landet. 4H informerer om utdanningstilbod innan land-, hav og skogbruk. 4H i fylka og 4H-gardane arrangerer kurs for medlemmane med tema skog, landbruk, sjøbruk, dyr og mat.


4H-gårdsaktivitetar og samarbeid

I 2023 var det 48 godkjende 4H-gardar og to godkjende 4H-setrar. Nærare 312 000 gardsbesøk vart registrert. 4H-gardane og -setrane er lærerike og sosiale pedagogiske arenaer for barn, ungdom og ulike brukargrupper av vaksne. Gardane tilbyr eit mangfald av aktivitetar som læringsarena for skule- og barnehageverket, arena for fritidsklubbar, open gard, SFO, kafédrift, ferieaktivitetar, turisme mm. Gardane arbeider etter 4H sine verdiar og legg vekt på læring ved å gjere, inkludering og integrering. Alle besøka på 4H-gardane tyder på at det er svært mange som får kunnskap om dyrestell og dyrking. 4H-gardane er med i 4H-gård Norge, som tilbyr nettverk, kurs, seminar og internasjonalt samarbeid.

GENNOMFØRTE KURS/SAMLINGAR OG TAL PÅ DELTAKARAR

TYPE	TAL KURS	TAL DELTAKARAR
Demokratiopplæring	89	1 382
Friluftsliv og Friluftshelt	83	1 779
Natur og landbruk, seter og sommarkurs	47	522
Kultur	76	566
Storkurs	10	845
Voksenlederkurs og Klubbrådgsjevarsamling	15	343
Volleyball og anna sport	32	589
Trivselagentsamling	7	78
Mat og helse	27	228
Andre kurs og medlemssamlingar	55	1 153
Totalsum	441	7 485

* Demokratiopplæring; Instruktørkurs, Fylkestyreopplæring, Styreverkurs



▲
Ein fantastisk tur til Klimapark 2469 i Lom. 4H-arane fekk bli med inn i ein handhogd istunnel omgitt av 7700 år gamal is – fylt med isskulpturar og arkeologiske funn frå steinalderen.



Foto: Sarah Hvidsten Kristiansen

► Morosamt med felles matlaging/pizzabaking på storkurs i 4H Vestfold og 4H Buskerud.

Internasjonalt samarbeid

4H-gård Norge er medlem av European Federation of City Farms (EFCF). EFCF er eit nettverk for besøksgardar som legg til rette for involvering av barn, ungdom og vaksne. Årleg blir det arrangert seminar og samlingar for både ungdom og vaksne. I 2023 hadde vi to deltakare på årsmøtet i Dublin i april, samt fem deltakarar på EFCF-konferansen i Brussel i september.

Samarbeidspartnarar

4H-klubbane, 4H-gardane, 4H i fylka og 4H nasjonalt samarbeidde med fleire aktørar innan naturbruk og friluftsliv; Fagлага i landbruket, landbrukssamvirke, naturbruksskulane, statsforvaltaren og fylkeskommunane, kommunale landbrukskontor, Forum for natur og friluftsliv, miljøorganisasjonar, studieforbund, universitet, museum, fiskarlag, kystlag, husflidslag, sogelag, vikinglag, hagelag, innvandrorganisasjonar og andre lokale lag og organisasjonar.

Den grønne skulen

dengronneskolen.no er ei gratis ressurside med aktivitetar og pedagogisk opplegg innan landbruk, naturbruk og friluftsliv. Nettsida er i hovudsak retta mot lærarar og andre som ønskjer å gjennomføre pedagogiske aktivitetar for barn og unge, men ho inneheld òg mykje nyttig og godt innhald for frivillige organisasjonar og pedagogiske aktivitetar som vil eigne seg godt på ein 4H-gard. Den grønne skulen er eit resultat av eit samarbeid mellom Norges Bondelag og 4H Norge.

Unge kokker

Fleire fylkeslag samarbeidde med Unge kokker og arrangerte kurs i sunn, kreativ og spennande matlaging. 4H kan nytte seg av det digitale inspirasjonsmateriellet som er utvikla. Målet med samarbeidet er å bidra til sunt kosthald og god helse blant barn og unge.

KLUBBRÅDGIVARAR PR FYLKE	
FYLKE	TOTALT
4H Agder	78
4H Akershus og Oslo	58
4H Buskerud	89
4H Finnmark	35
4H Hedmark	93
4H Hordaland	117
4H Møre og Romsd.	124
4H Nordland	33
4H Oppland	60
4H Rogaland	171
4H Sogn og Fj.	195
4H Telemark	38
4H Troms	22
4H Trøndelag	231
4H Vestfold	72
4H Østfold	78
Totalt	1 494

FYLKESSTYRELEIARAR	
4H Agder	Åse-Guri Imeland
4H Akershus og Oslo	Christine Lindgren
4H Buskerud	Hege Pynttari
4H Finnmark	Kjetil Pedersen
4H Hedmark	Mari Gjeldaker Bådshaug
4H Hordaland	Sofie Ljones
4H Møre og Romsdal	Ragnhild S. Bjørkedal
4H Nordland	Brage Nyheim
4H Oppland	Guri Årnes
4H Rogaland	Sanne Skeie
4H Sogn og Fjordane	Camilla Nesheim
4H Telemark	Iselin Byggstøyl
4H Troms	Celine Hansen
4H Trøndelag	Dagunn Onsaker Moum
4H Vestfold	Mathilde Dahl Aske
4H Østfold	Espen Henriksen

Organisasjon

Det blei utdanna 28 nye instruktørar innan styreverv og friluftsliv. Samstundes starta utdanning av 35 nye instruktørar.

I 2023 arrangerte 4H for første gong «Insporama», ei inspirasjonssamling som var årets happening for vaksne frivillige i 4H. På samlinga lærte frivillige og fylkesstyra om alt frå friluftsliv og viktige sider ved å sitje i fylkesstyret til leing og om menneske i gruppe frå psykolog Jan-Ole Hesselberg.

På fylkesnivå vart det heldt styreverv- og friluftslivkurs over heile landet. Fylka har også mellom anna gjennomført klubbbrådgjevarsamlingar, arrangert storkurs, superhelger, trivselsagentkurs. Fylkesstyreopplæringa

blei heldt fram i fylka. På lokalt nivå blei medlemmane opplært innan 4H-områda gjennom sine 4H-prosjekt.

I regi av fylkeslaga blei det arrangert årsmøter, aspirantleirar, styrevervkurs, storkurs, senior- og alumnsamlingar, klubbbrådgjevarsamlingar, plakett-festar, trivselsagentsamlingar, fylkesleirar og mykje meir. I tillegg var det mange fylker som hadde jubileum og gjennomførte jubileumsfeiringar, klubbstart, digitale informasjonsmøter, sommarklubber og diverse prosjekt. Døme på aktivitetar som deltakarane har fått oppleve er kurs i motorsag, ukulele-kurs, matlaging, swing, sy di eiga leirbukse, dyrekurs, motorsag-kurs, redesign og volleyball.

Regionane

4H Norge sitt sekretariat er normalt delt inn i fire regionar. Tilsette i kvar region blei leia av ein regionleiar. Som eit prøveprosjekt vart region nord og midt slått saman under ein regionleiar (les meir om prøveordning med tre regionar under kapittelet «Administrasjon»).

Dei fire ordinære regionane består av desse 4H-fylka:

Nord: 4H Finnmark, 4H Troms og 4H Nordland.

Midt: 4H Trøndelag, 4H Oppland og 4H Hedmark.

Sør-Aust: 4H Akershus og Oslo, 4H Østfold, 4H Vestfold, 4H Telemark, 4H Buskerud og 4H Agder.

Vest: 4H Møre og Romsdal, 4H Sogn og Fjordane, 4H Hordaland og 4H Rogaland

Landsstyret

Landsstyret handsamar overordna saker om 4H si utvikling og prioriteringar. Det blei heldt to ordinære landsstyremøte i 2023. Eit i forbindelse med Inspo-rama og fylkesstyreopplæringa på Gardermoen i april, og eit i september på Lillestrøm, delvis saman med dei tilsette. På møta blei blant anna nytt 4H-løp, strategi for 2024–2030, 4H sin identitet og merkevare drøfta og handsama. Dei vedtok òg nye normalvedtekter for klubb og fylkeslag.

Sentralstyret

Sentralstyret hadde åtte styremøte i 2023. Dei har handsama 61 saker. 4H-løpet, inkludering, kommunikasjon, vekstarbeid og 4Hs inneverande og framtidige strategi og handlingsplan har vore viktige tema for sentralstyret. Kwart 4H-fylke har hatt ein fast kontaktperson i sentralstyret gjennom året. Sentralstyret og landsstyret har òg arbeidd i utval og arbeidsgrupper mellom styremøta.

Landkreditt cup

Volleyball er 4H-idretten. 4H arrangerer volleyballcup på leirar og kurs, og mange klubbar har volleyballaktivitet på sine medlemsmøte. I 2023 vart det arrangert 833 volleyballtreningar og 265 turneringar rundt om i fylka. Det vart også arrangert volleyballcup på Nordisk leir i Lom. Totalt 7 684 medlemmar har vore med på minst ein volleyballaktivitet i løpet av året. Landkreditt Bank held fram som sponsor for volleyballcupane i 4H.

Norske 4H-alumner

Norske 4H-alumner (N4HA) bidreg til sosiale, gode aktivitetar og møteplassar for alumnar, og legg til rette for at dei skal kunne bruke kunnskapen og erfaringa si til organisasjonen sitt beste.

Alumnmedlemmar er ein viktig ressurs og ei verdsett medlemsgruppe for fylka. Målet er at mange plakettmottakarar blir med vidare som alumnar. Medlemmar over 18 år kan bli alumnmedlem.

I mai 2023 var det 713 alumnmedlemmar i 4H Norge og Norske 4H-alumnar, ein liten nedgang frå 2022. Medlemmane var fordelt med 531 medlemmar i 17 alumnklubbar, og 182 medlemmar i lokale klubbar.

N4HA arrangerte i 2023:

- Vaksenleiar kurs: 16 deltakarar på del 1, og 4 deltakarar på del 2
- Årsmøte: 29 delegatar og 23 observatørar
- Alumnfest for alle alumnar og siste års seniorar på nordisk leir
- Vinterhelg med klatring og stisykling: 24 deltakarar

VOLLEYBALL 2023

Tal treningar	833
4H-arar som deltok på trening	5 530
Turneringar o.l. som klubben har vore på	265
4H-arar som var på turneringar	21 54



Foto: Johannes Sæheim Pedersen

I 4H lærer barn og unge mellom anna kor maten kjem frå.

KLUBBAR, 4H-GARDAR OG -SETRAR						
	4H-KLUBBAR 2022		4H-KLUBBAR 2023		4H-GARDAR OG -SETRAR	
FYLKE	TELJANDE KLUBBAR*	TOTALT	TELJANDE KLUBBAR*	TOTALT	2022	2023
4H Østfold	26	28	26	27	3	2
4H Akershus og Oslo	20	22	19	20	4	4
4H Hedmark	23	28	17	27	2	2
4H Oppland	19	19	20	20	2	2
4H Buskerud	27	27	26	26	2	2
4H Vestfold	18	19	17	17	2	2
4H Telemark	9	18	13	18	1	1
4H Agder	12	21	18	21	2	2
4H Rogaland	35	35	32	35	1	2
4H Hordaland	35	35	35	35	1	1
4H Sogn og Fjordane	52	59	55	58	6	5
4H Møre og Romsdal	33	35	31	35	2	2
4H Trøndelag	74	83	67	79	7	8
4H Nordland	14	17	16	23	8	8
4H Troms	7	7	6	8	4	5
4H Finnmark	6	7	7	12	2	2
4H Norge	0	2	0	2		
Sum	410	462	405	463	49	50

* Teljande klubb er ein klubb som har minst fem medlemmar i medlemsalder, og som har levert årsrapporten.



LEIRDELTAKARAR

650



NORDISK 4H-LEIR I LOM

Kring 650 ungdommar frå Noreg, Sverige, Danmark og Finland deltok på Nordisk 4H-leir i Lom i Gudbrandsdalen.

Gjennom leirveka fekk deltakarane oppleve tradisjonsbakst og tradisjonshandverk, klatre i klatrepark, sove i telt og leike rare leikar. Høgdepunktet for mange var turdagen då deltakarane kunne velje mellom å gå til Galdhøpiggen eller utforske Klimapark 2469. På leiren sin siste dag vart det arrangert Landkreditt volleyballcup og tautrekkingskonkurranse.

Tradisjonelt blir nordisk leir gjennomført annakvart år, men leiren i 2021 blei avlyst grunna pandemien. I forbindelse med leiren i 2023 kasta 4H Oppland seg rundt og mobiliserte frivillige og lokalmiljøet i Lom. Dei hadde under eit år på førebu og planlegge leiren, som blei ei veke fylt av gode opplevingar og minner.

Klimapark 2469 i Lom. 4H-arane fekk lære om jakthistorie, klimaendringar, tinande permafrost og dyra og plantene som overlever i de røffe fjellområda. Høgdepunktet på turen var å bli med inn i den vakre, handhogde istunnelen i Juvfonne omgitt av is frå steinalderen. Istunnelen er gravd i isbreen.

Friluftsliv



Foto: selfie tatt av 4H-arar

Målet med Spektakulær tur var at ungdommane skulle oppleve meistring, vere fysisk aktive og lære om friluftsliv gjennom til dels krevjande friluftslivsaktivitetar.

Spektakulær Tur 2023. I samarbeid med Wild X arrangerte 4H Norge ein 5-dagars tur til vakre Romsdalen i Åndalsnes. ▲

Totalt blei det gjennomført 1 692 ulike fritidsaktivitetar i 2023. I alt deltok 20 682 barn og unge over heile landet på aktivitetane. Av desse overnatta 2 557 ute «Under open himmel» 6. mai. «Under open himmel» er eit arrangement for å markere 4H-dagen.

4H Norge fekk tildelt ein plass i styringsgruppa for «Friluftslivets år 2025», samstundes blei arbeidet med Norsk Friluftsliv sitt prosjekt «Friluftsliv i Skolen» halde fram.

Friluftsinstruktørar

Friluftsinstruktørane skal lære opp 4H-arar til å bli friluftsheltar. Friluftsheltane kan mykje om friluftsliv og er gode friluftslivrollemodellar i klubbane. For å sikre godt opplæringsmateriell, er det utvikla ein serie instruksjonsvideoar. To nye videoar i «Friluftshelt»-serien vart spelt inn i februar. Planleggingsarbeidet med å utdanne sju nye friluftsinstruktørar i 2024 blei starta.

Spektakulær Tur

For fyrste gong blei «Spektakulær tur» arrangert, eit samarbeidsprosjekt mellom WildX og 4H Norge. Målet for turen var at ungdommane skulle oppleve meistring, vere fysisk aktive og lære om friluftsliv gjennom til dels krevjande friluftslivsaktivitetar. Turen vart gjennomført i august, same veka som uveret «Hans» trefte Noreg. Til saman 30 ungdommar reiste til Romsdalen, og trass utfordringar med veret, fekk deltakarane ein minnerik tur og opplevde meistring etter fottur til Rampestreken, fisking i Romsdalsfjorden og Via Ferrata. Det var 13 deltakarar (15–17 år) og to leiarar (18–20 år) frå kvar organisasjon.

Friluftstur for alumnane

Kvart år arrangerer Norske 4H-alumner (N4HA) ei aktivitetshelg for alumnar frå heile landet. Målet er ei sosial og lærerik helg, som inkluderer ein fellesaktivitet. I september deltok 31 alumnar på aktivitetshelga i Trysil med stisykling, klatring og sosialt samvær.



Foto: Jean Philip Svartdahl

Friluftsinstruktør Asrtid Frøysnes Flaa.



Foto: Kristin Bråten

Lyngblomst 4H på var gardsbesøk og blei betre kjent med dyra.



Foto: Irene Tangstad

Det er mykje lærdom i å handtere ein liten kvalp når ein sjølv er liten gut.



Foto: Iris Frydenlund

Friluftstur for alumnane.

Internasjonalt

International 4H Youth Exchange (IFYE)

IFYE er eit utvekslingsprogram for ungdom i alderen 18–30 år. Målet er å fremje internasjonal forståing, toleranse og fred ved å lære om andre kulturar og menneske ved å bu og leve saman i vertsfamiliar. Sommaren 2023 drog to deltakarar frå Noreg til Nord Irland og Austerrike. Fem deltakarar frå Taiwan, Austerrike, Sveits, Tyskland og USA kom til Noreg.

Rural Youth Europe (RYE)

RYE arrangerer kurs og seminar for ungdommar i 4H og bygdeungdomslags liknande organisasjonar i Europa. Frå Noreg deltok ein 4H-ar på «Respect and Resilience – Strengthening Communities in the Face of Adversity» og ein 4H-ar på «Healthy Youth Workers – Healthy Youth».

USA-utveksling

I oddetalsår reiser ei gruppe 4H-arar (15–18 år) til USA. I 2023 deltok 19 4H-arar og to reiseleiarar på utvekslinga. Dei budde hos kvar sin vertsfamilie i delstatane Washington, Kansas, Wisconsin og Nord Carolina. Dei fekk oppleve kvardagslivet og kulturen i USA, landet der 4H kjem frå.

Vertsfamiliar

I 2023 opna 18 familiar heimane sine for våre IFYE-deltakarar. Vertsfamiliane spelar ei viktig rolle i å vere med på å forme opphaldet til dei som kjem, og for å gje dei eit bilde av den norske kulturen og kvardagslivet til norske familiar. 4H Norge er takknemleg for alle som har vore vertsfamiliar.

Norske IFYE-alumner (NIFYEA)

NIFYEA – alumnklubben for 4H-arar som har vore på IFYE-utveksling – arrangerte mellom anna inn- og

▼ USA-gjengen 2023.



Foto: Marti, States 4H International



Foto: Astrid Julie Mo

▲ 4H-arar som drog på utveksling fekk nye venar og blei kjend med nye kulturar.



▲ Generalsekretærer frå dei Nordiske landa møttest i Helsinki der dei la planer for framtidig samarbeid.



Foto: Stine Pernille Kjøs

▲ 4H Global Summit, Tanzania: 4H-medlemmar og styreleiar Martin Holmen.

uttreisekurs for ungdommar som var med på utvekslinga. Dei arrangerte òg mottak for ungdommar som kom til Noreg som IFYE-arar. NIFYEA hjelpte også til i arbeidet med vertsfamiliar samt følgde opp inn- og utreisande IFYE-arar gjennom utvekslingsperioden.

4H Global Summit

I 2023 vart Global 4H Network Summit arrangert i Arusha, Tanzania. Møtet blir arrangert kvart tredje år for 4H-organisasjonane over heile verda (4H Global Network). Temaet var «4H Inspire for Change». Styreleiar og to tilsette deltok på møtet.

På møtet kom det tydeleg fram at 4H framleis er ein relevant og viktig organisasjon for framtida, særleg når det gjeld matvaresituasjonen, demokratiprossessar og klimaendringar.

Gambia

Gambia 4H har hatt stor vekst dei siste åra. Organisasjonen har 13 305 medlemmar og aktivitet i 73 4H-klubbar og på 17 barneskular. Ved årsskiftet 2022–2023 reiste ei gruppe på 19 deltakarar på 14-dagars studiebesøk til Gambia. På hausten starta ressursgruppa for Gambia-samarbeidet ei



Foto: Martin Holmen

Det var også tid til å dra på ekspedisjon under Global Summit.



Foto: Ingeborg Tangeraas

Studietur til 4H Gambia: Forventningsfulle 4H-arar før avreise til gambiske landsbyer.

folkefinansiering for å få inn midlar til ei mikrokredittordning, som gambiske 4H-klubbar kan søke om midlar på. Det blei samla inn 26 000 NOK. I november reiste to representantar frå ressursgruppa på ei 12-dagars prosjektoppfølgning, inkludert årsmøte med klubbane og samarbeidspartnarar.

Nordisk samarbeid

Generalsekretæraane i Sveriges 4H, Finlands Svenske 4H, Finland 4H, 4H Danmark og 4H Norge var i mars samla for eit to-dagars møte i Helsingfors. Tema for møtet var samarbeidsmogelegheiter, felles utfordringar og nordisk leir. Dei nordiske 4H-landa har eit felles ønskje om eit auka samarbeid dei kommande åra.

73

ANTAL KLUBBAR I GAMBIA



▲
Vinnaren av «Sommerens
Oppdrag» Petra Karlsen Tjentland.

Nasjonale prosjekt



Foto: Givær 4H-gard

▲ Sommerklubb på Givær 4H-gard i Bodø.

Årstidens Oppdrag

Målet med prosjekt «Årstidens oppdrag» er å løfte fram sesongbasert og lågterskel friluftsliv i nærmiljøet, som kan få barn, unge og deira familiar ut i naturen året rundt. Kvar årstid blir det lagt ut ei rekkje oppdrag som kan inspirere 4H-arar til å bruke nærnaturen meir. I 2023 blei det gjennomført fire konkurransar. Nærmare 70 medlemmar sendte inn sine bidrag. Vinnarane av konkurransane fekk eit gåvekort i 4H butikken (kr 2 500).

Leik og lær i naturen

Prosjekt «Leik og lær i naturen» skal inspirere barn og unge til å bruke og utforske nærnaturen gjennom lærerik leik, bidra til auka kompetanseheving innanfor friluftslivet samt auke barn og unges ansvarsfølelse overfor naturen.

Nærmare ein halv million kroner blei utdelt i 2023. Mottakarane var klubbar, 4H-gardar, styrer og fylker over heile landet som hadde gjennomført friluftsliv-relaterte aktivitetar. Tilskotet har mogleggjort 9 kurs/aktivitetar, 8 dagsarrangement, 11 arrangement med overnatting og 35 arrangement som gjekk over fleire dagar - for totalt 2 647 medlemmar.

Prosjekt «Leik og lær i naturen» mogleggjorde også produksjon av eit nytt aktivitetshäfte for kløvermedlemmar. 1 077 medlemmar under 9 år fekk heftet tilsendt i posten.

Meir alumnaktivitet

4H Norge har vidareutvikla det eksisterande vaksenleiar kurset, slik at det no er eit fagleg sterkt kurs av høg kvalitet. Ei prosjektgruppe har, med innspel frå alle ledd i organisasjonen, utarbeidd ein læreplan for kurset. Vidareutviklinga er gjennomført med midlar frå «Aktivitetsstøtta», ei støtteordning frå Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU).

Det blei vedtatt ein samarbeidsavtale mellom Norske 4H-alumnar og 4H Norge om gjennomføring av vaksenleiar kurset, og det vart gjennomført to spørjeundersøkingar angående vaksenleiarar på Nordisk 4H-leir i Lom. Prosjektet har direkte involvert 500 medlemmar, og bidrar til å gje oss trygge og kompetente vaksenleiarar også i framtida.

Administrasjon

4H Norge har eit engasjert sekretariat som vil det aller beste for 4H-arane, og som gir alt dei kan for at barn og unge skal lære ved å gjere. I 2023 vart det arrangert fleire samlingar for tilsette, kor målet var å skape inspirasjon og samhald, slik at vi kan arbeide saman mot våre strategiske mål om å bli større, smartare og synlegare.

4H sine fylkeslag er organisert i regionar som samarbeider på tvers, både fylkesvis og mellom regionane, både når det gjeld samlingar, prosjekt og aktivitetar. Mellom anna blei fylkeskontora i 4H Oppland og 4H Hedmark, av praktiske grunnar, slått saman. Dei er framleis to sjølvstendige fylkeslag, men den felles kontorløysinga gir eit tettare samarbeid mellom dei to fylka. I 2023 hadde vi ei prøveordning med tre regionar framfor vanlegvis fire. Region Nord og region Midt vart slått saman. Etter prøvetida og ei evaluering, går vi i april 2024 tilbake til fire regionar. Regionleiarane sit i leiargruppa i 4H. Det er eit viktig tiltak for å gjere samhandlinga mellom dei ulike delane av 4H enda betre.

Økonomi

Omsetninga i 2023 var på 31 128 582 kroner, og årsresultatet viser eit underskot på kr 3 686 371. Dette vart kr 1,3 millionar betre enn budsjettet, med revidert budsjett på kr 5 029 691 i underskot. Sentralstyret sitt mål om å investere i aktivitet blei nådd.



Foto: Emma Bodman

Generalsekretær Randi Versto Kaasa.

Generalsekretær

Administrasjonen i 4H Norge er organisert gjennom eit sekretariat og blir leia av generalsekretæren. Randi Versto Kaasa var generalsekretær i 2023.

Medarbeidarar

4H hadde 51 tilsette ved utgangen av 2023, talet omfattar faste tilsette, prosjektstillingar, vikariat og andre midlertidige tilsettingar, samt tilsette ute i permisjonar og anna fråvær. Gjennom året vart det utført 35,1 årsverk. 4H er ein desentralisert organisasjon kor størsteparten av aktivitetane skjer lokalt, vi er derfor opptekne av å ha tilsette over heile landet, samstundes som vi skal gi tilsette eit arbeidsmiljø med kollegaer og kjensle av å høyre til på lokalkontorute i regionane. Vi har tilsette i alle fylka, og ved utgangen av 2023 utgjorde desse 32 personar. Av dei sentralt tilsette har 13 arbeidsstad i Oslo, medan seks har kontor plass ute i fylka. Av 35,1 utførde årsverk er 18,9 årsverk knytt til fylka og 16,2 årsverk knyta til sentralleddet.

Nasjonale arbeidsgrupper/frivillige:

- Arbeidsgruppe plakettløpet
- Arbeidsgruppe inkludering

51

TOTALT ANTAL TILSETTE



4H jobbar for å bli større, smartare og synlegare. Det handlar mellom anna om å finne gode løysingar og sjå moglegheitene.



4h.no